



Bygdenytt



eit informasjonsblad frå Valle kommune

JUNI 2024

Valle bygdeheim

SOMMARKONSERT

med elevar frå Valle kulturskule

ONSDAG 5.JUNI KL. 1100

Dagsenter startar som vanleg kl.1030.
Gratis inngang. Alle hjarteleg velkomne!

Arr. Valle kommune

Valle kulturskule ønskjer hjarteleg velkomne til

SOMMARKONSERT



torsdag 6.juni kl. 17



i Storstoga, Valle kultursenter

Sal av pølser, kaffi og smoothies frå kl. 1530.

Inng. konsert vaksne kr. 50 (vipps 581943 eller kontant betaling), barn/ungdom gratis.

Alle hjarteleg velkomne!

Arr. Kultur og fritid





Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

TEKNISK AVD.INFORMERER

Høyring—adressenamn, vardefjellvegen



Valle kommunelegg ut forslag til adressenamn tilhøyrandre hyttefeltet Vardefjødd ut på offenetleg høyring.

Høyringssvar kan du sende til Valle kommune seinast 17.juni 2024:

Valle kommune

Postboks 4

4746 Valle

Eller via e-post til: post@valle.kommune.no

KULTUR OG FRITID INFORMERER

Frå 24.juni til 16.august er biblioteket si opningstid frå 10.00-15.00



VALLE IL INFORMERER

Terrengløp på Hovet

Onsdag 5 juni arrangerer Valle IL terrengløp på Hovet.

Me møtast på scooterparkeringa. Det vil vere ei løype tilpassa ein kvar.

Dei minste vil ha 500 meter og 900 meters løype.

Ungdom 1,2 km løype og vaksne kan velje mellom 1 eller 2 runder i 3,3 km traseen.

Vi starter ca klokka 17.

Påmelding er fint før start men tas også imot ved oppmøte:

<https://forms.office.com/e/2KeSSj9LAB>

QRkode:

Terrengløp på Hovet 5 juni



Program for dagsenteret i juni

Program i juni for Dagsenteret

Onsdag 5.6 Sommerkonsert med Kulturskulen
(sjå eige skriv)

Onsdag 12.6 Andakt med
Åse Gudrun og Knut Olav Uppstad,
Sosialt samvær

Onsdag 19.6 Sommeravslutning

Dagsenteret ynskjer alle ein riktig god sommer,
og ynskjer alle velkomen att på
dagsenteret onsdag den 21.august.

Dagsenteret byrjer kl.10.30-14.00 og tilbyr billig
middag/dessert, kaffe og kake.

Treng du skyss kontakt oss på tlf 94504448.

Hjarteleg velkomne til oss

Utstillinga *Stavkyrkja og drakar i Setesdal* opnar 2. juni på Setesdalsmuseet.

Modellen til Setesdal stavkyrkje blir stilt ut, og ein
kan oppdage forteljningane i dei gamle
stavkyrkjeportalane. Program frå 14:00-16:00.

Vi serverer suppe og kaffi. Velkomne!

Laurdag 15.juni kl.11.00 på Nese (500 m nord for Bygland sentrum).

Sogevandring med omvisning kring
gravhaugane til kong Hane og kyra hans, og så
til «prinsessegrava» og andre vikingfunn ut
med fjorden.

Avsluttast med besøk til utstillinga i
bankvelvet i sentrum, med bl.a. mange
prinsessesmykke samt våpen frå ei lite
kjend vikinggrav på Frøysnes. Fantastiske
funn som aldri før har vore utstilte!

Kulturlosar er Torbjørn D. Frøysnes og Eivind
Nese. Alle velkomne, gratis deltaking.

Arr.: Setesdal sogelag

KYRKJA I JUNI

HYLESTAD KYRKJE

Konfirmasjonsgudsteneste 02.juni kl 11:00
med sokneprest Toralv Frøysaa Lie,
organist Knut Olav Uppstad

Open kyrkje: veke 25 og 26 i tidsromet kl
10:00 – 20:00 kvar dag.

VALLE KYRKJE

Konfirmasjonsgudsteneste 09. juni kl 11:00
med sokneprest Toralv Frøysaa Lie,
organist Knut Olav Uppstad.

Orgelkonsert 26. juni kl 19:30

ANDAKT PÅ VALLE BYGDEHEIM

26.juni kl 11:00

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid
Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrkjekontoret i Valle,
tlf. 977 84 706,

e-post: post@valle.kyrkja.no

Valle og Hylestad sokn

- DEN NORSKE KYRKJA



DEN NORSKE KYRKJA
Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda

**Frist for innsending til Bygdenytt
for JULI/AUGUST er 25. juni.
Send til sentralbord@valle.kommune.no**



Bispeveg marsjen feirer 40 års jubileum laurdag 3 august

Bispeveg marsjen er ein tre mil lang turmarsj som går frå Fyresdal til Valle. Det er ein marsj som tek deg opp på 1100 meters høgde. Det starter ved Nøs før Øysædammen i Fyresdal og avsluttast ved Valle skule. Det er eit flott heieområde med variasjonar frå frodige skogslar og myrområde til høgfjellsområde.

Betaling buss kr 300 vaksen kr 200 born, startkontigent vaksen kr 150, barn til og med 16 år kr 100

Valle IL sender betalingskrav til påmeldte

Påmelding på denne linken: <https://forms.office.com/e/4H7pRWRVQu>

Eller QR-kode



Arrangør Valle IL og Fyresdal IL ønsker velkomen til ein flott dag over fjellet.



Barnas fjellsommer!

Tilbudet går primært til alle barn i aldersgruppa 1.-7. klasse i Setesdal. Påmelding innan **10. juni til:** mob 907 122 65 /e-post: guide@brattnorge.no Gratistilbod - Ingen deltakaravgift

Program måndag 24. juni

Kl 09.00 Oppmøte ved Bratt-løa ved Coop Prix i Valle sentrum Målgruppe: 1.-7. klasse

Kl. 09.00-09.30 Nistelaging i Bratt-løa. Lær å lage skikkeleg turniste.

Ha med deg ein *liten tursekk* som du kan bere greitt sjølv. Oppi denne har du med deg *ein tom matboks*, og *drikkeflaske* med det du vil drikke i.

Kl. 09.30-14.00

1.-4. klasse

Topptur til Løefjell. (Dei under 10 år kan og klatre i Via Ferrata, dersom dei har med seg ein føreset i løypa. Gje i såfall beskjed om dette ved påmelding)

5.-7. klasse

Klatre Via Ferrata Brokke (Løefjell)

Program tysdag 25. juni

Kl 09.00 Oppmøte ved Bratt-løa ved Coop Prix i Valle sentrum Målgruppe: 1.-7. klasse

Kl. 09.00-09.15 Nistelaging i Bratt-løa. Lær å lage ei lita turniste.

Ha med deg ein *liten tursekk* som du kan bere greitt sjølv. Oppi denne har du med deg *ein tom matboks*, og *drikkeflaske* med det du vil drikke i.



Kl. 09.30-14.00

1.-4. klasse

Kl. 09.30-11.30 Omvisning på Rygnestadtunet og besøk på Uppistog gard på Rygnestad

Kl. 12.00- 12.30 Tradisjonsmat på Bratt-løa: Kompe

Kl.12.30-14.00 Rappellering frå Hengebrua og aktivitetar i Tufteparken

5.-7. klasse

Kl. 09.30- 11.30 Honnevje-frisbeegolf. Dei som vil bruke appen UDisc, kan laste ned denne på førehand. Ta gjerne med eigne discar om du har lyst til det.

Kl. 12.00- 12.30 Tradisjonsmat på Bratt-løa: Kompe

12.30-14.00 Klatring på Edelsteinen ute eller klatring i Bratt-løa. Vêravhengig.

Program onsdag 26. juni

Kl 09.00 Oppmøte ved Bratt-løa ved Coop Prix i Valle sentrum Målgruppe: 1.-7. klasse

Kl. 09.00-09.30 Nistelaging i Bratt-løa. Lær å lage ei skikkeleg turniste.

Ha med deg ein *liten tursekk* som du kan bere greitt sjølv. Oppi denne har du med deg *ein tom matboks*, og *drikkeflaske* med det du vil drikke i.

1.-4. klasse

Kl. 09.30-14.00

Fottur og quiz til Gloppefoss

5.-7. klasse

Kl. 09.30-14.00

Sykkeltur Neverdalen. Ta med sykkel og hjelm. *NB! Til føresette - før turen: Gå over sykkelkjede og bremser saman med barnet. Syn barnet korleis det skal greie å få på sykkelkjedet att, dersom det hoppar av.*



Program torsdag 27. juni

Kl 09.00 Oppmøte ved Bratt-løa ved Coop Prix i Valle sentrum Målgruppe: 1.-7. klasse

Kl. 09.00-09.30 Nistelaging i Bratt-løa. Lær å lage ei skikkeleg turniste.

Ha med deg ein *liten tursekk* som du kan bere greitt sjølv. Oppi denne har du med deg *ein tom matboks*, og *drikkeflaske* med det du vil drikke i.

Kl. 09.30-14.00

Tur til Håhelleren. Dei som kan handtere fiskestanga si sjølv kan gjerne ta den med. Foreldre som ynskjer å bli med på turen er hjarteleg velkomne (Gje beskjed om dette ved påmelding).

Informasjon (gjeld alle dagane):

Kle dykk etter veret, hugs solkrem

Bratt friluftsliv og Bratt ung kjem til å ta bilete undervegs til bruk i sosiale media.

Setesdølen kjem truleg og. Gje beskjed ved påmelding dersom ditt barn ikkje skal vere med på bileta.

Dersom du har spesielle behov mht mat, tek du med eiga niste.

Program laurdag 29. juni - Sentrumsdag i Valle sentrum

Oppmøte i Valle sentrum kl 10.00 dersom du vil ha frukost


Målgruppe: 1.-7. klasse

Kl. 10.00 Sentrumsfrukost dersom du vil ete frukost i Valle

Kl.10.00-11.30 Klatring i Bratt-løa for 1.-7. klasse (lurt å øve på speedklatring)

Kl. 11.30-13.30 Konsertar med Sigurd Brokke og Arthur Stulien m/band

Kl.13.30-14.30 Speedklatrekonkurranse for 5.-7. klasse med premiering for raskaste klatrar.



VALLE SKYRACE LØRDAG 17 AUGUST



Terrengløp med distanser på 43 km, 23 km og 14 km

Vi arrangerer også Barneløp

Sett av dagen og bli med på løpefest i Valle

Arr: Valle IL





FJELLRO BLOMSTERFEST

AKTIVITERER:

- Klatring, volleyball (uprofesjonelt), bordtennis

- Plantebasar

- Kake og grilling

- kanskje litt musikk

STED: Fjellro (Hovet)

DATO: Lørdag 08.06.2024

TID: Kl. 15-17

Vi gleder oss til du kommer!!!

Fjellkyrkjetreff i Skafsåheii Fjellkyrkje

Sundag 9. juni

Kl.1200: Gudsteneste v/Hallvard Jørgensen

Etter gudstenesta vert det servert rjomegraut, spekemat, kling og kaffi

Pris kr. 150,- Vi har Vipps

Etter mat held gruppa «Salig Blanding» frå Notodden fram.

Dei vil også vere med under gudstenesta.

Mykje frisk song og musikk denne dagen!

Høve til å gje ei gåve til drift av Fjellkyrkja. Velkomen!

Arr: Kyrkja og Fjellkyrkjelaget



Sauesjå MARKNADEN

— Valle i Selesdal —

Hjarteleg velkomne til Sauesjåmarknaden 2024!

Vi håpar at så mange som mogeleg vil ta turen til oss

og vere med på å gjere dette til ein vellykka marknad!

SAUESJÅMARKNADEN I VALLE

LAURDAG-SUNDAG 28.-29.SEPTEMBER

VIL DU VERE UTSTILLAR, HA EIN AKTIVITET ELLER EIT SCENEINNSLAG?

DET BLIR OGSÅ UNG SCENE!

Påmeldingsskjema for utstillarar finn du på Fb-sida vår : «Sauesjåmarknaden i Valle»

KONTAKT OSS PÅ TLF. 938 83 405 ELLER E-POST TIL sauesjaavalle@gmail.com

SEINAST 20.SEPTEMBER!

Vi ønskjer både lokale og eksterne utstillarar hjarteleg velkomne til marknad & gama i Valle denne helga, med tradisjonell Sauedans på laurdagen!

Vil du vere med og lage magisk **jolestemning**

for små og store i desember?



Laurdag 7. desember 2024 inviterer vi til jolekonsert i Valle kyrkje med barnekor, elevar frå kulturskulen, vaksenkor, solistar og bygdeband.

Vil du vere med å gi jolestemning til andre?

VAKSENKOR:

Vi ønsker ALLE som vil vere med i jolekor for vaksne hjarteleg velkomne til øving gjennom hausten!

Det blir øving i Sæbyggjen desse dagane:

- ❖ Måndag 02.09. kl. 19.00-20.30
- ❖ Måndag 16.09. kl. 19.00-20.30
- ❖ Måndag 07.10. kl. 19.00-20.30
- ❖ Laurdag 26.10. kl. 10.00-14.00 (inkludert matpause)
- ❖ Måndag 11.11. kl. 19.00-20.30
- ❖ Generalprøve onsdag 04.12. (tidspunkt kjem seinare)

Vi håpar å samle mange songglade kvinner og menn i alle aldrar! Vi legg vekt på kjende songar som skal vere greie å øve inn.

Påmelding så snart som mogeleg og seinast 19.august.

Om du vil melde deg på eller har spørsmål kan du kontakte Synne Viki på tlf. 918 09 062.

BAND:

Er det nokon som sit heime og speler for seg sjølv eller saman med andre og har lyst til å vere med i eit band til denne konserten? Vi ønsker alle som kunne tenkje seg å deltake på ein eller annan måte velkomne til å ta kontakt med Torunn Charlotte Nyberg på tlf. 970 61 587.

Ungdomar er særleg inviterte!

Hjarteleg helsing

Synne Viki, Anna Slaby Driel (dirigent barnekor og kulturskuleelevar), Sigbjørg Næss (dirigent vaksenkor) og Torunn Charlotte Nyberg (leiar Kultur og fritid)

Konsertar, kappleik, kurs og dans

SETESDAL FOLKEMUSIKK- FESTIVAL

Rysstad, 2. – 4. august

2024

**KNUT HAMRE
HELGE JORDAL
ÅNON EGELAND
MIKAEL MARIN
VALLE LEIKARRING
KOUAME SEREBA
BORDUN SPELEMANNSLAG
LARS-INGAR MEYER FJELD
DANIEL SANDÉN-WARG
KNUT OLAV UPPSTAD
KULTURPATRULJA**



Dykkje kommune



Valle kommune



Bygland kommune




Coop price
Hykkje



Setesdalen



AGDER
fylkeskommune



Setesdal
interkommunalt
politisk råd



EXTRA



SPAREBANKEN SØR



Setesdal museum



Setesdal Spelemannslag



TYSDAG 3. juni



Kl. 1700 - 6 år. Pusur.

Pusur den verdenskjente, mandagshatende og lasagnelskende innendørskatten er i ferd med å ha et vilt utendørs-eventyr! Etter en uventet gjenforening med sin far - den rufsete gatekatten Vic - blir Pusur og hans hundevenn Jølle tvunget fra deres perfekte og bortskjemte liv til å bli med Vic på en morsom og risikofylt aksjon.



Kl. 1900 - 15 år. Furiosa

Da verden gikk til grunne, ble unge Furiosa tatt fra the Green Place of Many Mothers og havnet i klørne på en bikergjeng ledet av krigsherren Dementus. De feier gjennom ødemarken og kommer over citadellet ledet av Immortan Joe. Mens de to tyrannene kjemper om herredømmet, må Furiosa overleve mange prøvelser mens hun samtidig prøver å finne veien hjem.


**Kjøp gjerne kinobillett på www.bygdekinoen.no .
Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.**

**Film er best på kino - støtt din lokale kino!
Vi har egen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt
anna snacks og drikke. Velkomen skal du vere!**



Kva skjer?

www.valle.kommune.no/http://www.valle.kommune.no/alle.294594.no.html

02.06 Kl. 11	Konfirmasjonsgudsteneste, Hylestad kyrkje
02.06 Kl. 14	Utstilling og drakar i Setesdal, Setesdalsmuseet
03.06 Kl. 17	 Bygdekinoen
05.06 Kl. 11	Sommarkonsert, Valle bygdeheim
05.06 Kl. 17	Terrengløp, Hovet
06.06 Kl. 17	Sommarkonsert Valle kulturskule, Valle kultursenter
08.06 Kl. 15	Blomsterfest, Fjellro (Hovet)
09.06 Kl. 11	Konfirmasjonsgudsteneste, Valle kyrkje
09.06 Kl. 12	Fjellkyrkjetreff, Skafsåheii fjellkyrkje
12.06 Kl. 1030	Andakt, Valle bygdeheim
15.06 Kl. 11	Sogevandring med omvisning, Nese, nord for Bygland sentrum
19.06 Kl. 1030	Sommaravslutning, Dagsenteret
19.06 Kl. 19	Danseøving Sæbyggjan, Sæbyggjen
24.06 Kl. 09	Barnas fjellsommar, Bratt-løa
25.06 Kl. 09	Barnas fjellsommar, Bratt-løa
26.06 Kl. 09	Barnas fjellsommar, Bratt-løa
26.06 Kl. 11	Andakt, Valle bygdeheim
26.06 Kl. 1930	Orgelkonsert, Valle kyrkje
27.06 Kl. 09	Barnas fjellsommar, Bratt-løa
29.06 Kl. 09	Barnas fjellsommar, Bratt-løa
29.06 Kl. 10	Sentrumsfrukost